

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2017 49. årg.



Sporvongane

side 6



Shalom feirar

side 10



SEVEN

side 12



Jubileumstur til Thailand

side 16

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakonvikar: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 48 89 72 32
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 77
Konst. kyrkjeverge: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland (Sjukmeldt)

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærer Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Klokkar:
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærer Kristine Åsbø tlf. 950 20 920
Barne- og ungdomsarbeider Marion Lende tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422
Ungdomsarbeidar Morten Bjorland tlf. 954 48 222

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland (permisjon til 31.07.17)
Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809
Leiar i søndagssk.: Anne Gunn Vassbø tlf. 481 03 949

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: Johannes Nedrelid tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kari Skare Sikveland tlf. 959 29 283
Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909
Barne- og familiepastor: Tove Hersdal tlf. 922 57 342
Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: "Jærgard i morgenlys", tatt 19. oktober 2015 av Knut Aalgaard

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad og Knut Aalgaard.

Layout: Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 9. mars.

Neste nr. kjem ut ca. 30. mars 2017.

Til ettertanke

«...Men vår treeinige Gud har det gode, varme blikket på kvar einskilt av oss: "I deg har eg mi glede". Her startar alt frå Gud si side.»



Johannes Nedrelid

"I deg har eg mi glede" (Mark. 1.11)

Overskrifta er ein del av himmelrøysta ved Jesus sin dåp, slik Markusevangeliet fortel om denne hendinga. Vi høyrer om den personlege du-tiltalen. Det er fint og godt, synest eg. Slik denne røysta lydte der og då til Jesus då han steig opp av vatnet etter at døyparen Johannes hadde døypt han, slik lyder også røysta til kvar einaste ein av oss som Gud har skapt: "I deg har eg mi glede."

Eg trur vi er svært forskjellige i korleis vi ser på vår treeinige Gud. Vi kan skrive om litt Ludvig sine kjende ord frå Flåklypa "Men er'ke han fali da?" Er ikkje Gud den som står der med notisboka og passar på alt det gale vi gjer, for å straffe oss og vere ufin mot oss?

Nokre har kanskje slike tankar om Gud, og dei har også blitt forma slik til tider. Eg trur at til eldre vi er, til meir kjenner vi denne litt trugande sida av Gud. Den yngre generasjonen, frå noverande konfirmantar og oppover, trur eg ikkje har høyrte mykje om denne sida av Gud. Her blir han meir diffus eller gjerne også fjern. Mellom desse punkta er der mange nyansar.

Men vår treeinige Gud har det gode, varme blikket på kvar einskilt av oss: "I deg har eg mi glede". Her startar alt frå Gud si side.

I Johannesevangeliet seier Jesus det slik: "Som Faderen har elska meg, har eg elska dykk. Bli i min kjærleik." For meg og deg talar det om å sjå dette og la det bli ein del av vårt liv, slik ein av salmane i Salmar 97 seier det så fint.

*Som når et barn kommer hjem om kvelden,
Og møter en vennlig favn,
Slik var det for meg å komme til Gud.
Jeg kjente at her hørte jeg hjemme.
Der var en plass i Guds store rom,
En plass som lenge ventet meg.
Og jeg kjente her er jeg hjemme.
Jeg vil være et barn i Guds hjem.*

Salmen talar om ein som har møtt dette Guds blikk "I deg har eg mi glede". I dette møtet blir der gjerne ting som må korrigerast, men det kjem alltid etter det som alltid står fast. Den glade setninga: "I deg har eg mi glede"

Johannes Nedrelid
Prostiprest/sokneprest i Undheim

Min Salme

... "her må det vera lov å smila litt av den fantastisk kreative diktinga, der bodskapet er like gyldig i dag."



Øystein Fjetland Øgaard

Herre Gud, ditt dyre navn og ære er ein av katekismesongane til Petter Dass.

Ei katekisme er ei lærebok i kristendomskunnskap, gjerne berekna på lekfolk. At det er registrert over femti melodiar til denne katekismesongen i Norge, må bety at diktarpresten lykkast med den pedagogiske oppgåva det var å spreia den grundige forkynninga si til flest mogleg. Dei tre mest brukte melodiane er tekne med i den nye utgåva av salmeboka vår, nemleg folketonar frå Romedal, Ørsta og Mo i Rana.

Herre Gud, ditt dyre navn og ære er skriven til den andre bønna i Fader vår, altså «Lat namnet ditt helgast.» Det storslegne ved salmen er korleis han beskriv at skaparverket hyllar Skaparen. Særleg flott er det å tenka på at Gud er Gud same kva me menneske tek oss føre.

Eitt av dei mange høgdepunkta i denne «katekisma» må vera oppramsinga av alle fiskeslaga som prisar Vår Herre. Bak den surrealistiske humoren ligg nettopp det motsette av surrealisme: Ei jordnær erkjenning av at naturen er like mykje Guds verk som menneska er. Slik me kan æra Gud, kan òg dyra og naturen peika på Gud ved å eksistera og visa seg fram som det utviklande skaparverket dei er.

Eit anna høgdepunkt i salmen er vers nr. 9:

*Vil de Gamle være stiv' og sove,
Da skal Børn i Moders Liv GUD love;
De Halte, Lamme, Maalløse, Stamme
Gjør og det samme, De Grome, Gramme
Og Grove.*

Nå er det ikkje sikkert Petter Dass og menneska på 1600-talet hadde den same humoren som eg har, men her må det vera lov å smila litt av den fantastisk kreative diktinga, der bodskapet er like gyldig i dag.

Øystein Fjetland Øgaard

Herre Gud, ditt dyre navn og ære

*Herre Gud, ditt dyre navn og ære
over verden høyt i søvn må være,
og alle sjele og alle træle
og hver geselle de skal fortelle
din ære.*

*Om seg folk anstille vil så slemme
Guds navn slet at tie still og glemme,
så skal dog stene og tørre bene
ei være sene hans navn det rene
at fremme.*

*Ja, før Gud sin ære skal forlise,
før skal hav og grummen hval ham prise,
samt og tanteien som løper leien,
stenbit og seien og torsk og skreien
og nise.*

*Gud er Gud, om alle land lå øde,
Gud er Gud, om alle mann var døde.
Om folk forsvimler, i Herrens himler
utallig vrimler som slår på cimler
hin søde.*

*Høyen hall og dypen dal skal vike,
jord og himmel falle skal tillike.
Hvert bjerg og tinde skal slett forsvinne,
men Herrens minne til tusind sinne
skal stige.*

*Tekst: Petter Dass før 1698 (Norsk salmebok
2013, salme nr. 278 vers 1, 3-5, 8)*



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske
Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave
til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no

Herrens bøn (Fadervår)

«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bønna, kjem ofte som ei lang opprømsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bønna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvar menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, følgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filippa-rane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan

kvila i. Kvar ord me kan nytta i bønna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvar menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bønna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvar sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekor er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

I Helgedagen har vi nå ein serie om Herrens bøn eller Fadervår. Bønna er kyrkja si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed ilag med heile kyrkja og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem neste del.

Fjerde bønna:

«Gjev oss i dag vårt daglege brød.»

Kva tyder det?

- Gud gjev dagleg brød utan vår bøn, jamvel til vonde menneske. Men vi bed i denne bønna at Gud må la oss skjønna dette, så vi med takk tek imot det daglege brødet.

Kva er meint med dagleg brød?

- Alt vi treng til å leva, så som mat og drikke, kledde og skor, hus og heim, åker og fe, pengar og eigedom, ein god ekte-make og gode born, gode arbeidrarar og leiarar, fred og godt styre, godt vér og god helse, gode seder og skikkar, gode vener og grannar og meir slikt. (Norsk Salmebok 2013, s1283)

Gud gjev oss alt me treng for å leva.

I 5 Mos. 6,11 står det: «Når du så har ete deg mett, ta deg då i vare så du ikkje gløymer Herren.»

Når ting går bra, når me har nok mat, er friske og lever i gode relasjonar er det lett å gløyma Gud. Me tenker me me har jobba godt, levd skikkeleg og gjort kva me kunne. Det er underleg korleis me tar æra sjølv når det går godt, men knurrar mot Gud når livet går oss imot. Bønna: «Gjev oss i dag vårt daglege brød,» hjelper oss å hugsa at det er Gud som gjev oss alle gode ting. «All god gåve, og all fullkomen gåve kjem ovanfrå, frå han som er Far til lysa på himmelen.» Jakob 1,17.

Bordbønna, før og etter maten, er ei utviding av bønna «Gjev oss i dag vårt daglege brød.» Kristen livstolking lærer oss at det er Gud som let jorda bera fram grøde, det er Gud som har gitt oss arbeidet og det er Gud som velsignar oss gjennom vårt arbeid. Gud er bakom, sa dei gamle. Når me i fedrelandssalmen syng: «Vil Gud ikkje vera bygningsmann me fåfengt på huset byggja,» er det dette me syng om. Paulus minner oss om at det er i Gud me lever, rører oss og er til (Apgj.17,28)

Me er mottakarar som lever av Guds miskunn og nåde. «For alt dette skyldar me å takka og lova han, og tena og lyda han.» (Vesle katekisma, forklaringa til første trusartikkel, Norsk salmebok 2013, s1280).

I dei tre første bønene har me bedt om slikt som høyrer Gud til. Kort sagt har me bedt om at Gud får vera Gud for oss. På mange måtar svarar dette til dei tre første boda.

Så me med takk tek imot det daglege brødet

I fjerde bønna handlar det om våre liv her på jorda. Me ber at



Foto: KAA

Herrens bøn (Fadervår). Bønna er retta mot første personen i Gud, Faderen

Vår gåve

Gjev oss, ber me. Når me haustar av vårt arbeid, då er det ikkje mitt, men vårt. Ikkje noko tema går så ofte igjen i bibelen som ord om å dela med andre. Eit av dei mest direkte orda er dette: «Men den som har meir enn nok å leva av, og likevel lét att hjartet sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjærleik i seg?» (1.Joh. 3,17) Når Gud gjev oss dagleg brød, står me til ansvar for Gud og medmenneske for korleis me brukar det me har fått. Ei rettesnor gjev Jesus oss i Bergpreika når han seier: «Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen. Tenk om det var slik, at mange takka Gud for dagleg brød dei fekk gjennom deg. Når me ber : «Gjev oss i dag vårt daglege brød,» ber me ikkje berre om å få, men og om å få vera gåva gitt til andre. Me ber om å få vera ein god ektemake og gode born, gode arbeidrarar og leiarar, gode vener og grannar og meir slikt. (Norsk salmebok 2013, 660):

*Ein varm og audmjuk hug meg gjev
og truskap alle dagar.
Og send meg som ditt eige brev
Til dei som lid og klagar.*

*Deg høyrer eg for evig til.
Eg vera vil ei gåva,
Som du kan gje åt kven du vil,
Så namnet ditt vert lova.*

Gunnar Frøyland

Herrens bøn - "Vår far"

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Sporvongane barnehage på Lye



Kos rundt bålet!

Visjon : "Dette er livet – og alt er mulig."

Fakta:
Sporvongane barnehage vart starta i 2005
1. august 2016 overtok Time kyrkjelege fellestråd
Barnehagen held til på Lye forsamlingshus
15 born frå 1-6 år!
Hildegunn Undheim er styrar, Tone Elin Grønstad er pedagogisk leiar – saman med 4 andre tilsette: Kari E. Stokka, Linn Mari F. Åsen, Gro Norunn Haugland og Hege K. Risa.

Ein gnistrande fin januardag får Helgedagen møta born og tilsette i Sporvongane barnehage på uteplassen deira på Lye. Dei får bruka uteområdet til Lye-speidarane, og blad-utsendingen kjem midt oppi ein småskummel song: Krokodillen held på med å sluka 5 apekattar! Dei små tek det med ro, for dei hugsar at det går godt, apekattane kjem velberga ut att!

Borna – som i dag er 12 - sit så fredeleg og blide i halvsirkel rundt eit lite bål, og dei har nettopp starta eit nytt prosjekt. Dei pratar om treet sitt, Snopetreet, som dei



Aking



Bamseklem – du er fri!



Det vesle Snopetreet



1, 2, 3 – raudt lys!

skal følgja heilt til juni 2018. Treet er ei lita gran, og heile gjengen tek turen bort grana. Her blir det måling av både vidde og breidde ved hjelp av borna, ein var litt for kort og ein var litt for lang. Kor mange treng me for å halda rundt? Nok med to? Nei, me treng fleire. Gjennom leik lærer dei ulike omgrep, og til slutt kjem målbandet fram: 114 cm. Så blir det spennande å sjå om treet veksl!

Ivrige born leikar 1,2,3 raudt lys og Vennetikken. Herleg å sjå dei små gje skikkelege bamseklemmar for å fria dei som har blitt tekne!

Og så må det akast! Er ikkje kvar dag her er snø! Liv og røre i den vesle akebakken, alle frydar seg! Nokre må undersøkje den vesle ispytten, spennande med is. Tenk at før helga var det berre sørpe der!

Bål og kakao ventar etterpå, og dei pratar om kva dei har gjort. Det blir ført i Loggboka. Både små og store ser ut til å ha det så fint saman her. Glade og blide fjes på alle!

Dei vaksne fortel at barnehagen har stort fokus på å vera ute. Å ha kroppen i rørsle og det å skapa felles sanseinntrykk, er høgt verdsett hjå små og store i barnehagen. - Me likar å nytta oss av eit variert nærmiljø, som Lye kan tilby, alt i frå leikeplassar og spennande skogsområde, til toppturar med fantastisk utsikt over Jæren. For oss i Sporvongane er det ein verdi å kunna bruka god tid på å skapa gode opplevingar.

Trivsel og glede er det inntrykket gjesten sit att med etter eit kort besøk. Her var det godt å vera!

LHH

Kakao er herleg! ▶



På veg til grana



Vedlikehold av taket på Time kyrkje



Foto: KAA

Time kyrkje er en gammel godt bevart Linstowkirke fra 1859. Den har tidligere blitt rehabilitert i 1929, 1959, 1980 og 2000.

Nå er det taket som får en nødvendig oppgradering. Takstein begynte å falle ned. Det viste seg å være løse skifer, råteskader og borebil-leangrep i stort omfang.

Gann tre fikk anbudet og har utført arbeidet. Telt over bygget gav gode og nødvendige arbeidsforhold på taket som er på ca 460 kvm. Hele operasjonen vil koste bortimot 2 mill. kroner.

All skifertakstein ble tatt av. Gammelt sutak ble fjernet og ertstattet med nytt før skiferen igjen blir lagt på plass.

Willy Finnbakk



Bildene viser store skader på taket. Foto: Willy Finnbakk

Kyrkjeøkonomien 2017



Foto: KAA

Time rådhus

6. desember 2016 vedtok Time kommunestyre årsbudsjettet for 2017 og økonomiplanen 2017 – 2020. I disse dokumenta ligg det føringer for kor mykje pengar dei ulike sektorane i Time kan bruka i inneverande år. Det gjeld og pengar til kyrkjeleg drift og investeringar.

Helgedagen tok kontakt med fungerande kyrkjeverje, Siri Vik, for å gå gjennom tala for kyrkja sin del.

Når det gjeld driftbudsjettet, har tilskotet vorte inflasjonsjustert og er dermed likt som i 2016. Vidare har ein kvart av dei 3 siste åra fått 100 000 for å utarbeida verneplan for verneverdige gravminne. Det er eit arbeid som ein lenge har ønskt å få gjort, og som ein no reknar med å få slutført i 2017.

Når det gjeld pengar til investeringar, er det sett av ein million til nye stolar i Brynekyrkja, 800 000 er løyvd til skifting av tak på Undheim kyrkje og 300 000 er Time kommune sin del for rehabiliteringsarbeidet som må gjerast på Frøyland/Orstadkyrkja.

Elles vil kommunen dette året gå i gang med opparbeiding og utviding av gravplassen ved Time kyrkje. Det har ein samla kostnad på 45 millionar kroner.

- Fekk kyrkjeverja og fellestrådet oppfylt alle sine ønske?
- Nei, ikkje ganske. Fellestrådet hadde eit sterk ønske om å få auka diakonstillinga med 50 % og å få utvida organiststillinga på Undheim frå 10 % til 25 %. Dette fekk me ikkje gjennomslag for denne gongen.

Vidare var det eit ønske om pengar til maling og nytt alarmsystem på Undheim kyrkje. Det gjekk heller ikkje!

Men, avsluttar Siri Vik, det er viktig å understreka at me opplever samarbeidet mellom kyrkja og Time kommune som bra, og me har inntrykk av at kommunen forstår og innser verdien av arbeidet kyrkja kan bidra med for å skapa gode og trygge lokalsamfunn i Time kommune.

AV

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved
hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, stearinlys,
leikar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumper av stearinlys

Telefon 400 37 151



FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved
hjørnet til Edlandsbakken og Meierigata

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møblar,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638



Bak frå venstre : Gunhild Lande, Anne Grete Hognestad, Berit Nærland, Oddny Underhaug, May Aase Strøm, Liv Torunn Ødegaard. Framme frå venstre: Liv Helga Lygren Austnaberg, Reidun Jane Heskestad, Helga Johannessen. Ikkje til stades: Chiaki Kawasaki

Shalom - שלום

Under denne fana har ei gruppe kvinner samlast til forening på Bryne annakvar veke i 40 – førti – år

Shalom vart namnet. Eit velkjent hebraisk ord som betyr fred og vert brukt til helsing både av jødar, arabarar og muslimar. Ei fredshelsing - Fred vere med deg eller Mätte du ha det godt!

Starten skjedde i stova til Oddny Underhaug 8. februar 1977. Av dei som var tilstades då, er bare Oddny framleis med i Shalom. Maria Håland, som også var med den gongen, gjekk over til ny forening då Shalom delte seg i 1994.

Maria og Oddny fortel...

Dei var unge, og foreningstradisjonen med misjonsengasjement var sterk i miljøet her i distriktet. Både Maria og Oddny hadde fått denne arven frå mødrene. Men i samtalen med dei merkar eg fort ein undertone. Den kom sterkare og sterkare fram etterkvart som me prata. Kva var det egentleg? Jo, Shalom var ikkje bare forening og misjonssak. Innbyggjartalet på Bryne voks. Tanken om å vera eit ope fellesskap for nyinnflytta vart ein underliggjande filosofi i misjonsforeninga. Shalom-medlemene møtte framande og inviterte til fellesskap.

Det grunnleggjande for å travast når du flytter til ein ny plass er vener, nye vener. Det gjeld både vaksne og born. Dette visste

medlemene i Shalom og derfor voks dei i medlemstal. Då Lyebyen kom til, flytte fleire av medlemene dit og til forening der. Men Shalom voks vidare og stovene vart for små. Så vart det ny deling eller knoppskyting. Det skjedde i oktober 1994. Avleggaren fekk namnet Vannposten og lever i dag i beste velgåande ved sida av «mora». Dei fleste som er, eller har vore med i foreninga er tilflyttarar. I dag har Shalom 10 medlemmer og Vannposten 9.

Shalom var og er tilknytt Det Norske Misjonsselskap. Men med fleire fokus må ein tenkja raust. Nye som kom til hadde gjerne ei anna hjertesak enn NMS. Etter ei tid løyste dei dette ved ikkje å ha ofringar på møta, men heller bruka bank og autogiro som offerkorg.

Styreforma i foreninga var vore enkel og effektiv. Dei har ikkje hatt formann, bare ein kontaktperson for NMS og ein kasserar. Skiftet av desse to ansvarspersonane har skjedd etter ynskje om avløyning. Ansvar for å leia møta har gått frå hus til hus.

Ein port inn i det kristne miljøet...

Marit Larsen, pastor i Bryne Frikyrkje fortel: «Høsten 1978 flyttet vi, et ungt ektepar med et barn på to år, til Bryne. Vi kom fra Østfold via en kort periode i Stavanger. Kunne vi slå rot på Jæren?

Snart ble det jul, med juletreff på Saron. Der møtte jeg Oddny og ble invitert til forening. Det ble starten til mange ting både for meg og mannen min, en port inn i det kristne miljøet jeg søkte og til det pulserende livet her. I Shalom møtte jeg folk i samme situasjon som meg, fra et annet sted i landet. Shalom var virkelig en døråpner. Hele familien ble etterhvert del av et stort vennellesskap. En følge av dette ble til en 15 års periode med barnarbeid tilknyttet den nye Brynekirke og arbeid i søndagsskolen på Saron.»

Shalom syng

Shalom har også hatt ansvar utanom sjølve foreningsmøta. Her kan nemnast forskjellige arrangement i NMS-regi, møte og festar på Saron, kyrkjekaffi og konfirmantfestar i Bryne kyrkje. Dei har hatt lagekveldar og bakekveldar til NMS si julemesse på Undheim. Når Shalom står på plakaten med song, så er det ei songgruppe som starta ein gong Shalom-foreninga hadde ansvar for eit arrangement. Grappa øver ikkje fast, men det er alltid ei glede å høyra dei.

Ein arnested

To treff i månaden! - ja, to! Det seier seg sjøl at dette skaper gode relasjonar. Maria og Oddny mimrar. I Shalom har medlemene ned gjennom åra kunna vera opne og dela kvardagane sine med kvarandre, livet slik det var. Her var det plass for samtale om det daglege, plass for Bibelen, plass for å be med og for kvarandre, plass for misjon, plass for tårer og smil, for turar og mykje gøy.

Liv Helga Austnaberg, f. Lygren, var med i Shalom til ho reiste som misjonær til Madagaskar i 1982. Då blei det brevkontakt og mykje misjonsinformasjon i mange år. Det vart sjølsagt til stor inspirasjon når dei kunne leva så tett på og fylgja ei av sine egne i misjonærlivet. Under heimeopphald frå misjonsmarka var Liv Helga midt i blant dei igjen, og nå forlengst tilbake fast. Shalom har vore ein open famn og ein arnested som har fostra

eldsjeler. Via dette fellesskapet har mange funne sin plass i kristent arbeid, som frivillege eller på heil tid. Fleire har gått ut av Shalom for å starta opp heilt nye grupper/foreningar.

Eit stille tog...

Etter det eg har lytta til denne kvelden i lag med Maria og Oddny, ser eg Shalom som eit stille tog i gater og innom hus på Bryne i 40 år, eit grønt tog med tilbod om trivsel og livsverdiar. Togdøra har vore vidopen for nye passasjerar heile tida. Ei sjeldan foreningsform som har vore til glede, hjelp og velsigning. Medlemslista gjennom åra tel mange. Til 25 årsjubileet vart det sendt invitasjon til 65 kvinner. I åra etter har det vore meir stabilt. Omlag 75 totalt har vore innom.

Velkomen til Bryne kyrkje 19. februar

Dette de har lese om nå er det god grunn til å markera med fest. Det skjer i Bryne kyrkje 19. februar. Då vert det ei dobbel markering. For til den festen kjem også Solveig og Dag Johannesen. Mange i Bryne kyrkjelyd kjenner dei gjerne berre som namn i forbøna for misjonærar i søndagsgudstjenesta. For i 17 år har dei vore misjonærar i Thailand, med adresse: Slummen i Bangkok. «Home of Praise - Lovsangshjemmet», har vore deira base, og denne staden er vel kjent for turistar frå Norge som besøker byen.

Dag er Brynegut og var som ungdom aktiv i Ungkyrkja og koret, Te Deum. Han vart ordinert til prest i Stavanger Domkyrkje i juni 1998 og reiste i august same året til Thailand. Kona, Solveig Meling Johannesen, er frå Stavanger. Dei har mykje å dela med oss. Denne kvelden fyller me Brynekyrkja til siste plass!

Misjonskveld for jubiléum, for velkomen heim og for takk! (Sjå annonse side 17)

emb

SHALOM NOV. 1992

På tur til Stavanger for å feira to 40-årsdagar.

Frå v.: Anne Kristine Røthing, Åse Solheim, Kirsten Jæger Fjetland, Marit Lind Time, Gro Tengesdal, Elise Salvesen, Anne Grete Hognestad, Hanne Støle, Solveig Martinsen, Torunn Kiledal Immerstein, Reidun Jane Heskestad, Bjørg Nærland, Møyfrid Bjorland, Torunn Vik Lygren, Maria Håland, Kari Ree, Helga Olseth Oma, Oddny Underhaug



Jentegruppa: SEVEN



SEVEN er en etablert gruppe som har sunget sammen siden 2002 og utgitt 10 album. De har solgt over 75.000 fysiske album – og finnes tilgjengelig på de fleste strømmekanaler.

Gjengen holder stor konsertvirksomhet over hele landet og synger om livet med Gud og livet med hverandre. SEVEN er glade i å synge sammen med barnekor - og holder mange gospelfester og korseminarer. Velkommen til å bli med oss å synge.

Nå er det Time sin tur til å få besøk av SEVEN-jentene og få oppleve historier fra Bibelen knyttet sammen med flotte sanger framført på en frisk og feiende måte.

Konserten passer både for små og store barn og voksne i Time og på Jæren. Sett av dato:

Søndag 19. februar kl 16 i Time kyrkje.
(Se annonsen nedenfor)

La barna ta med søsken, foreldre, besteforeldre og venner! Gå ikke glipp av dette!

YOUTUBE: www.youtube.com/user/sevenjentene
FACEBOOK: <https://www.facebook.com/sevenjentene>
INSTAGRAM: [Sevenjentene](https://www.instagram.com/sevenjentene)

VELKOMMEN PÅ
KONSERT MED
seven



Familiekonserten «Helt utrolig» i Time kyrkje

søndag 19. februar kl 16.00

I tillegg deltek sangere fra Supermix, Lye barnegospel og KorBra.

Billettsal ved inngangen:
100 kr pr person /300 kr pr familie

Arr. Time sokneråd og Trusopplæringa i Time
Evt. overskudd går til Trusopplæringa i Time

Trusopplæring i Den norske kyrkja



Trusopplæring i kyrkjelydane våren 2017

Hovudmål for trusopplæringa:

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje kor barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.
Me deler kristne tradisjonar og verdier.
Me deler opplevingar og fellesskap.
Me deler håp og kjærleik.

Babysong på Undheim

Som ein del av tilbodet til den opne barnehagen har me babysong v/Ragnhild Hanssen for barn fødte i 2016 og 2017. Me møtest annankvar onsdag kl 10.30-11.00. Barnehagen har opne mellom 10-12 kvar onsdag. Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvere. Det vert babysong desse dagane i vårsemesteret: 15. februar, 15. mars, 29. mars, 26. april, 10. mai, 24. mai.

Småsong på Lye

Velkommen til Lykkeliten opne barnehage annankvar onsdag mellom 09.30 og 12.30. Songstund kl 10.30-11.00 v/ Ragnhild Hanssen. Lykkeliten er opne desse dagane i vårsemesteret:

8. februar, 22. februar, 8. mars, 22. mars, 5. april, 19. april, 3. mai



Dåpsskule

Gjennom dåpsskulen ynskjer me at «Barna skal få møte med trua gjennom undring og oppleving, leik og læring. Dette skal dei gjera ved å:

- få kjennskap til at dei er døypte og høyrer Jesus til.
- læra om korleis Jesus møtte menneske.
- læra om påskehendene, frå palmesundag til 1. påskedag. Dei skal læra om kva påska betyr for oss i dag.
- læra meir om tilgjeving, både Guds tilgjeving av oss menneske, men og korleis me menneske kan tilgje kvarandre.
- erfara bøn, og læra ulike måtar å be på.
- bli betre kjende med kyrkja og kyrkjerommet.» Frå Trusopplæringsplanen for Bryne, Time og Undheim

Datoar:

Bryne: Samlingar 7. mars, 14. mars og 21. mars. Dåpsskulehelg 25. - 26. mars med avslutning på gudstenesta 26. mars kl 11.00 i Bryne kyrke.

Hognestad: Samlingar 8. mars, 15. mars og 22. mars. Dåpsskulehelg saman med Lye 25. - 26. mars, og avslutning på gudstenesta 26. mars kl 11.00 i Time kyrkje.

Lye: Samlingar 7. mars, 14. mars og 21. mars. Dåpsskulehelg saman med Hognestad 25. - 26. mars, og avslutning på gudstenesta 26. mars kl 11.00 i Time kyrkje.

Undheim: Samlingar 23. februar, 9. mars og 16. mars. Dåpsskulehelg 18. - 19. mars med avslutning på gudstenesta 19. mars kl 10.30 i Undheim kyrkje.

Nytt tilbod for 6. og 7. trinn (felles for Bryne, Time og Undheim):

Tweensfestival: (24 Hours festival) 17. - 18. juni på Undheim.

Tweensfestivalen er ein festival som gir ei unik oppleving av livsglede, sett i ramme av aktivitetar, musikk, forkynning og utfordringar, der Jesus blir eit naturleg midtpunkt.

Programmet vekslar mellom aktivitetar og sceneprogram





KVINNENES INTERNASJONALE BØNNEDAG

Fredag 3. mars 2017

Tema: "Gjer eg deg urett?"

Starten til Kvinnene sin internasjonale bønnedag fann stad i Brooklyn, USA, i 1887. Bakgrunnen var nauda blant immigrantar og etterkomarar av slavar. Via misjonærar spreidde dette seg utanom Amerika. I 1920-åra vart Kvinnenes internasjonale bønnedag eit faktum og etterkvart vart første fredag i mars vedteken som den faste bønnedagen.

I symbolet ser vi fire personar som ber. Dei fire verdenshjørna dannar korset, og alt er bunde saman av sirkelen, Guds kjærleik. I dag har bønnedagen komitéar i meir enn 170 land. Ein internasjonal tverrkyrkjeleg komité møtest kvart fjerde år for å dela idéar og ansvar, velja tema og hjelpe nye grupper.



Filippinene: Tittel "A Glimpse of the Philippine Situation", og er laget av Rowena "Apol" Laxamana-Sta.Rosa

Kvinnenes Internasjonale Bønnedag får i år programmet sitt frå Filippinane, og temaet er «Gjer eg deg urett?». Dette er prosjektnamnet på arbeidet for traumatiserte kvinner og familiar der.

- På Filippinane helsar me kvarandre med ordet: Mabuhay. Dette er eit ord i det nasjonale språket "tagalog". Ordet kan omsetjast på fleire måtar: "må du leva", "godt å sjå deg", "ver velkomen" eller "hurra"! Mabuhay!

Den fargerike framsida i programmet speglar livet og fargane på denne øystaten i Asia. Ho som er meister for dette kunstverket vart tidleg morlaus og såg kort tid etter faren verta skoten i ein nabokrangel. Dette ga henne stort omsorgsansvar for søskena sine mens ho sjøl var barn. «Mitt navn er Rowena "Apol" Laxamana-Sta.Rosa», skriv ho.

I dag er ho 32 år, kone og mor. Fritida brukar ho til kunsten. Dette seier ho sjøl om livet: «Eg elsker å male kvinner i mine bilete, fordi dei reflekterer kampen i det å vera kvinne – vera mor for sine barn og kone for sin mann. Alle kvinner er vakre. Ved å sjå på dei, og observere deira kraft, får eg inspirasjon til mine bilete. Kvinneleg styrke motiverer oss til å vera sterke og kjempa når me må. Eg er sjøllærd og prøver å åpne sinnet for store idéar. Men å få studera kunst er også ein draum.»

Så får me her i Time igjen høve til å samlast på denne dagen, som ein ring i denne bønnelenka som går verda over. Fredag 3.mars, frå dagen gryr ved datolinja langt i aust og til solnedgang ved den same linja i vest, samlast kvinner til bønn. Du er velkomen og inviter nokon med deg! Her i Time er det samlingar på Fotland på dagtid og på Bryne på kveldstid. I år skal me få gi vår gåve til prosjektet «Gjer eg deg urett?» for traumatiserte kvinner og familiar på Filippinane.

Sjå annonse side 20.

emb

I KRISER ER
VANN KRITISK



Fasteaksjonen 2017

Tysdag 4. april



Temaet for årets fasteaksjon er «Ja, vi elsker dette vatnet». Vatn reddar liv og forandrar liv. Tysdag 4. april kjem konfirmantar og konfirmantforeldre på dørene om ettermiddagen med innsamlingsbøsser for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Ta vel imot bøsseberarane våre når dei kjem.

Ja, vi elsker dette vatnet

– Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.

Før kunne Wilson bruke mange timar på å hente vatn til familien. Køen ved brønnen kunne vere lang, og for kvart minutt med venting, vart det eit minutt mindre med fotballspeling saman med venene. For ein 13 år gamal gut er det hardt å akseptere.

Men vatn må familien til Wilson ha, og å skaffe vatnet er hans ansvar. Og det er eit tungt ansvar, bokstaveleg talt. Fire kanner med vatn skal fraktast frå brønnen og heim, og når kannene er fulle, er vekta på 80 kilo. Det er god trim for ein 13-åring, kanskje litt for mykje av det gode, tenkjer mange. Men vatn må familien ha.

Den gode nyheita er altså at det nyleg har skjedd endringar i landsbyen Ikonda, der Wilson bur.



Wilson

I landsbyen har fleire brønnbyggjarar fått opplæring, og ein ny brønn er på plass. Den har gjort køen ved brønnen kortare og vatnet reinare. Sjukdommar som diaré og urinvegsinfeksjon er også langt sjeldnare enn før.

– Før kunne eg ha vanskar med å tisse, og eg hadde mykje vondt i magen. Men no er det mykje betre.

I framtida håper eg at vasstilgangen vil bli endå betre, og at folk si helse også vert betre, seier Wilson, som no også har betre tid og helse til å spele fotball – slik 13 år gamle gutar skal gjere.



Her er nokre av årets konfirmantar som skal gå med bøsse til Kirkens Nødhjelp. Dei er frå Bryne og heiter frå venstre: Ruben Tveit, Lisa Iversen Mary, Trond Alvestad, Maren Halvorsrød og Henrik Hadland Tudor

Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen.

I 50 år har altså kyrkjelydar over heile landet bidrege til at millionar av menneske har fått den hjelpa dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast gjennom 50 år.

2017 er også året der lutherske kyrkjer over heile verda markerer at det er 500 år sidan Martin Luther hengde opp tesene i Wittenberg. Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diakoni i praksis ved å gå med bøsser den 2. - 4. april.

– Me kan ikkje alle berre reise til Wittenberg for å feire. Me må sette oss ned og sjå på alt me har oppnådd desse 500 åra. Me kan ikkje berre be om pengar, og seie halleluja og amen. Me må sjå på kva me kan gjere for samfunnet vårt, seier Emmanuel Makala som er biskop i den lutherske kyrkja i området der Wilson bur.


50 års-jubilanten Fasteaksjonen er den stødige pålen i Kirkens Nødhjelp sitt daglege arbeid. For å klare å hjelpe flest mogleg også dei neste 50 åra, treng Kirkens Nødhjelp drahjelp frå våre trufaste bidragsytarar. Du kan bidra til at Fasteaksjonen vert ein suksess hos oss ved å gje pengar i bøssa og ta godt imot bøsseberarane våre.

Det har aldri vore enklare å bli ein brønnbyggjar.
Ann Iren Tjelta Ravndal

 <p>RØRLEGGER ELEKTRIKER VARMEPUMPER UTENDØRS SPA</p> <p>www.ave.no • Tlf.: 09543 • Nærbø</p>	 <p>EL-TEAM Elektroentreprenør</p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>	 <p>jæren sparebank</p>
<p>JADARHUS Det lille ekstra</p> <p>• ARKITEKT • NYBYGG • PÅBYGG • OMBYGGING</p> <p>Avdeling Bryne Kontakt Arvid Braut — tlf. 95 23 75 23 — mail. arveidb@jadarhus.no Vesthagen 9, Bryne — www.jadarhus.no</p>	 <p>Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg</p> <p>Jaertannlegene.no 5148 4800</p>	<p>Johansen Elektriske AS</p> <p>Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
 <p>Rogalandshus</p>	 <p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p> <p>Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>	 <p>PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00</p>

Kulturkveld: Reformasjonsjubileet 2017

Bryne kyrkje 7. mars kl 1900



Edvard Hoem



Martin Luther

- Foredrag ved forfatter Edvard Hoem:
Reformasjonen si betydning for folkestyret i Norge
- Salmereise gjennom tidene frå Luther til Hoem
v/ Blandakoret Jærklang
- Orgelmusikk av Bach ved organist Per Olav Egeland

Matsservering
Inngangspengar: 100 kr

Arrangør:
Time historielag og Bryne sokneråd



Strikkekafé på Lye forsamlingshus «ikkje bare for dei med strikketøy»

Strikkekaféen er for damer i alle aldrar.
Ta gjerne med strikketøyet eller eit anna
handarbeid og få inspirasjon eller kan henda
litt hjelp, *men det er absolutt lov til å koma
bare for å drøsa.*

Det blir "kafé" med sal av litt mat, og det blir ei
lita utloding.

16. feb kl 1930

Sjå eiga Facebook-side for kafee:
<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

Tema: Misjon, land, folk, kultur og rekreasjon

JUBILEUMSTUR til storslåtte Thailand 14 dager i jan/feb 2018



Det er 30 år siden Egil S. Eide tok opp kontakten med Thailand
Det blir det jubileumstur ut av:

Bangkok: Lovsangshjemmet i slummen, Rose Garden, båttur til det
flytende marked o.a.

Nord-Thailand: Chiang Rai, Det gylne triangel, grensa til Myanmar og
Laos, Chiang Mai, fjellandsby med folkegruppene Akha og Karen, o.a.

Avslutter på Øst-kysten av Siam-bukta: Rolige dager på Hotel Asia
Pattaya ved sjø, badestrand og basseng. Om ønskelig, mulighet for
forlengelse av oppholdet ved hotellet.

Reiseledere: Prest, forfatter og tidligere redaktør Egil S. Eide, prost i
Sandnes, Ludvig Bjerkreim, og prost i Jæren, Kjell Børge Tjemsland

Pris: Ca 26 000 kr per person, reise, all mat, sightseeing og overnat-
ting er inkludert. Prisen er avhengig av flypriser og valutakurs.

Påmelding og forespørsler til:

Ludvig Bjerkreim: ludvig.bjerkreim@sandnes.kirken.no 951 89 085
Kjell Børge Tjemsland: kbt@time-kyrkja.no 416 38 048
Egil S. Eide: e-seeide@online.no 51 65 03 61

**Orienteringsmøte:
Gand kirke, torsdag 20.04.2017, kl 19.00**

INVITER GJERNE MED VENNER TIL ORIENTERINGSMØTET OG JUBI-
LEUMSTUREN

Misjonsforeninga Shalom er 40 år i 2017



og feirar med fest

i Bryne kyrkje

søndag 19. februar kl 19.00

- Hovudgjester denne kvelden er **Solveig og Dag Johannessen**, NMS-misjonærane som har kome heim frå Thailand
- Songgruppa **Shalom** og **Jærklang** deltek
- Trompet ved **Åse Hobberstad Hetland**
- Misjonsoffer
- Mat og kaffi

Velkommen frå bygd og by!

VÅRFEST FOR ALLE OVER 60 ÅR



Lye forsamlingshus

Søndag 12. mars kl 15.00

- Frimenn deltek med song og spel
- Kåseri av Leif Andenes
- Kulturskuleelever deltek
- Andakt av Bernhard Pedersen
- Allsong, god mat og drøs

Arr: Time diakoniutval

<p>EiendomsMegler 1</p>	<p>JÆRPRINT TRYKKERI & DESIGN</p>	<p>haver</p> <p>Haver Advokatfirma AS Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>
<p>BERGENE MASKIN Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne</p> <p>Graving•Transport•Singel•Grus•Solla jord</p> <p>E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no Org.nr. NO 980 557 901 MVA www.bergenemaskin.no</p> <p><i>Arvid Bergene</i> Daglig Leder Mob. 917 30 249</p>	<p>Motor Forum Stavanger - Sandnes</p> <p>RENAULT DACIA MITSUBISHI MOTORS</p>	
<p>NORSK STÅL</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne</p> <p>TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p>* <i>Alveland</i> *</p> <p>BUNADER Meierigt. 15, 4340 Bryne www.alveland.info</p>
<p>AutoMester bilverkstedkjeden</p> <p>JAN REIME BIL & KAROSSERI AS 4340 BRYNE, Hålandsveien 37 Tlf: 51 48 12 00</p>	<p>BYGGMESTER HERSDAL AS Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625</p>	<p>HOLMANE Bil Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80</p> <p>CHEVROLET Jeep ISUZU SSANGYONG</p>
<p>NOREA MEDIEMISJON</p>	<p>Kverneland Bil Vi tar ansvar!</p> <p>Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82</p>	<p><i>Bogh Hafsoe as</i> TOYOTA Fossveien 3, 4373 Egersund tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no</p>
<p>aktiv.</p> <p>Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg!</p> <p>Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no</p> <p>Vi meglere frem dine verdier www.aktiv.no</p>	<p>JÆREN Nærradioen med godt nytt MISJONS RADIO</p> <p>Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22</p> <p>Sender på FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9 www.jmradio.no</p> <p>Sendetider Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 Tirsdag: 08.30 - 09.00 Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 19.30 - 21.00 Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45</p> <p>Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid. Hebr. 13,8.</p>	



KVELDSGUDSTENESTER

Bryne kyrkje | Våren 2017

Alle kveldsgudstener startar kl 19

29. JANUAR /

Etikk for livet
Tom Hetland
Fiolin ved Nadina Prudnikova

5. MARS //

Dei heilage handlingane
Petter Reed
Taizemusikk, vokal og instrumental.

26. MARS ///

Den forunderlege nåden
Andreas Haarr
Musikk ved Con Brio

23. APRIL ////

Det varme fellesskapet
Anne Helene Våge
Jæren Gospelkor

21. MAI ////

Dei store forteljingane
Ingeborg Mongstad Kvammen

VELKOMMEN til kveldsgudstener med føredrag, god musikk og stille tid med lystenning, bønnestasjonar og nattverd.





KVINNENES
INTERNASJONALE
BØNNEDAG

Kvinnenes internasjonale bønnedag i Time
fredag 3. mars 2017


Fotland bedehus kl 15.00

Andakt: Else-Marie Bue

Zion, Bryne kl 19.00

Velkommen!

Kvinnenes internasjonale bønnedag vert markert den første fredagen i mars kvart år, i Norge og i resten av verda. I år får me programmet frå kvinner på Fillippinane.



Filippinene: Bildet er laget av Rowena "Apol" Laxamana-Sta.Rosa

"Søndagstreff"



Bryne kyrkje

KI 1800: Allsong, kaffi og drøs i peisestova

KI 1900: Gudsteneste i kyrkjesalen

Søndag 12. februar

Søndag 12. mars

Søndag 02. april

Grillfest torsdag 4. mai. Info om tid og stad kjem.

Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Torsdags-Treff
i Bryne kyrkje
kl 14.30 - 16.30



Målgruppe: Pluss/minus 60

Tid og stad:

Samlingane blir i kjellarstova i kyrkja.

Kva me vil:

At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast!

Korleis me skal ha det:

"Kultur"-innslag (eit tema)

Ei lita songstund med songar som gir gjenkjenning.

Matøkt – og drøs. Andakt

16. feb	Rolf Bergseth: "Aldring: Kva skjer i kropp og sinn, og korleis takle det?" Songstund og matøkt. Andakt.
16. mars	Marit Rommetveit Staveland: "Frå mors dagbøker under 2. verdenskrig" Songstund og matøkt. Andakt.
20. april	Kari Ree og Øyvind Lutro: "Mathias Orheim: Mannen og songane hans" Songstund og matøkt. Andakt.

Skaperverket



Blader av bøk. Bladene "produserer" O₂ som vi alle trenger

Jærlufta er frisk og helsebringende. Og vi tar det for selvsagt at lufta hver dag gir oss det oksygenet (O₂) vi trenger for å leve.

I unge år lærte vi om plantene og fotosyntesen, den kjemiske prosessen som foregår i de grønne bladene, og som slipper oksyngengassen ut i friluft - til deg og meg. De store tropiske regnskogene står for mye av denne produksjonen, året rundt. Også nå på vinteren når vi i nord har frost og mørketid. På denne tida får vi frisklufta sørfra, fra tropene og opp til oss. Vind og uvær sørger for det – de er kraftige "urverk" som trekker frisklufta nordover til oss, helt gratis!

Men er det da fornuftig å svi av og drive storhogst av regnskog ... slik vi gjør?? Hva vil skje med oss om disse skogene gradvis blir borte?

Tekst og foto: Tore Randulff Nielsen

Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-5/16

G	L	E	D	D	Y	K	K	I	
L	I	V	S	E	N	E	R	G	I
A	M	A	N	T	A	T	A	L	I
D	E	N	U	D	H	I	V	I	H
E	R	G	R	R	U	L	E	S	E
A	E	R	O	M	E	T	E	R	
J	U	L	E	N	Ø	T	T	E	R
U	N	I	V	E	R	S	E	T	E
L	E	E	A	N	E	I	L	N	N
A	N	T	D	I	T	L	L	A	I

Vi følgjer opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

Nå vinterstid er det mange som får influensa eller forkjølelse. Emil gikk til legen og spurte: - Jeg er skikkelig forkjølt og lurar på om du kan kurere den?

- Ja da. Bare gå heim og ta deg et godt varmt bad. Deretter tar du på deg undertøy og legger deg til å sove i en iskald myr.

- Ja, men da får jeg lungebetennelse! innvendte Emil.

- Ja, og det har vi medisin mot!

KAA

HelgeKryssord-1/17 av Gabriel Tengsareid

1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
10									
11	12		13		14		15		
16				17		18		19	
20					21				
	22				23				
				24					
		25		26		27		28	
29			30			31		32	

Vassrett

- 1. Vaskepulver
- 4. Bod
- 10. Fugl
- 11. Igjen
- 13. Leverte
- 14. Skorpe
- 16. Trykk
- 18. Linje
- 19. Juvel
- 20. Væske
- 21. Nabobokstavar
- 22. Ratt

Loddrett

- 23. Hanndyr
- 25. Stråler
- 26. Dekket
- 29. Ø
- 30. Teori
- 31. Jentnamn
- 7. Tilsynet
- 8. Område
- 9. 55
- 10. Far
- 12. Vokster
- 15. Fór
- 17. Væska
- 18. Ambolt
- 22. Lidinga
- 24. Slektsnamn
- 27. Halogen
- 28. Brødtype
- 32. Pronomen

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057
Trusopplæringa i Time kto.nr. 3325.39.13407
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kyrkje - gåver kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd, kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad kto.nr. 3325.25.09270
Ungdomsarbeidar på Lye kto.nr. 3325.25.04260
"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time kto.nr. 3325.21.30859
Stikk innom vår heimeside http://www.time-kyrkja.no

Ver ljøs, spreie varme ikring deg!



"Lys i Bryne kyrkje". Foto Ingrid Johannessen

Rett før jul glede Odd Nordstoga oss med ein fin konsert på TV. Då han takka av før siste songen, sa han fylgjande, litt stotrande: - Kva var det eg skulle seia no? Jau, det var noko viktig. Så smilte han og kom med denne helsinga til Norge: Ver ljøs, spreie varme ikring deg! God jol!

Ver ljøs, spreie varme ikring deg!

Dette lyder like godt som nyttårshelsing. Tenk om det kunne vera våre ord til kvar ny dag i 2017! Godt nyttår!

emb

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105
Sokneprest Johannes Nedreid
tlf. 926 55 645
Diakon Marit Høie Hetland
tlf. 48 89 69 19
Diakonvikar Ann Iren Tjelta Ravndal
tlf. 48 89 72 32



Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkje-kontoret på tlf. 51 77 03 74



Bryne
Kto. 3325.20.11906



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

04.12.2016: Markus Wiig Fosse, Ebba Olsen Harbo, Sara Lode Østerhus, Klara Rørheim Thorkildsen
08.01.2017: Karin Aarsland Mikalsen
15.01.2017: Silje Byberg

TIME KYRKJE

19.11.2016: Maria Cecelia Generale Hundsnes, Andrea Dysjaland Lerstøl, Odin Søiland, Truls Skaaland Undheim
20.11.2016: Leah Tveitnes Aamodt, Olav Aamodt, Kristian Elias Hognestad, Jakob Nærland, Oskar Aamodt Os, Morten Rage
03.12.2016: Reidar Bryne, Mathias Hetland Håheim, Markus Steinsland Haug, Tobias Fjellheim Jensen, Jens Ree
18.12.2016: Liam Hansen
15.01.2017: Rikke Meland Jensen, Mina Liland, Rosalie Skadsem

UNDHEIM KYRKJE

11.12.2016: Lilly Pedersen
08.01.2016: Bjarte Evertsen Sakseide

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

27.11.2016: Kasper Hansen Rosland, Orre krk.
04.12.2016: Oline Horpestad, Nærbø krk., Amalie Høye Ådnøy, Rossabø kirke
11.12.2016: Olivian Haugstad Sandsmark, Frøyland og Orstad kyrkje



VIGDE

TIME KYRKJE

19.11.2016: Amalie Gåsland Olsen og Joakim Olsen



DØDE

Edith Camilla Skorge Anda, Ingeborg Digernes, Guri Aarrestad, Karl Aanestad, Ingvar Garp-estad, Kjell Sæland, Tønnes Tollak Jakobsen, Karin Astrid Bang, Ragnhild Hommeland, Odd Magnor Høyland, Oddveig Marie Hadland, Ingrid Hauge, Tora Salte, Torbjørg Åsland, Alf Tjemsland

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Bryne
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

KROGEDAL
begravelsesbyrå
D Ø G N V A K T
51 97 29 00
Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å. Skretting
og Brikt Goa
Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger
STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
www.krogedal.no

Begravelsesbyrå
Obed Bryne
Begravelsesbyrå
www.obed.no
tlf: 51 77 80 80
24-timers vakttelefon
Skulegata 9, 4340 Bryne

Vegen tilbake til Gud
"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16
Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes
51 61 04 00
Hele døgnet
Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal
www.novabegravelse.no



Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 51 48 21 33
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



Søndag 12. februar

Time kyrkje
Bryne kyrkje
Bryne kyrkje

Såm.s.

kl 11.00
kl 11.00
kl 18.00

Luk. 8, 4-15

Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Jungelgjeng
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Søndag 19. februar

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje

Kr.Fork.d.

kl 10.30
kl 10.30
kl 11.00

Matt. 17, 1-9

Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Dåp
Familiegudsteneste m/ familiefokus. Nattverd

Søndag 26. februar

Time kyrkje
Bryne kyrkje

Fastelaven

kl 11.00
kl 11.00

1.Kor. 13, 1-7

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng

Søndag 5. mars

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje

1.s.i.f.

kl 10.30
kl 10.30
kl 19.00

Matt. 4, 1-11

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp. Nattverd
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Søndag 12. mars

Bryne kyrkje
Time kyrkje
Bryne kyrkje

2.s.i.f.

kl 11.00
kl 11.00
kl 18.00

Matt. 15, 21-28

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Søndag 19. mars

Undheim kyrkje
Lye forsamlingshus
Bryne kyrkje

3.s.i.f.

kl 10.30
kl 10.30
kl 11.00

Luk. 11, 14-28

Familiegudsteneste. Dåp. Søndagsskule
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Søndag 26. mars

Time kyrkje
Bryne kyrkje
Bryne kyrkje

MB

kl 11.00
kl 11.00
kl 19.00

Luk. 1, 26-38

Gudsteneste. Nattverd
Familiegudsteneste. Nattverd
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Laurdag 1. april

Time kyrkje

kl 15.15

Dåpsgudsteneste

Søndag 2. april

Lye forsamlingshus
Bryne kyrkje
Bryne kyrkje

4.s.i.f.

kl 10.30
kl 11.00
kl 18.00

Joh. 11, 45-53

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste m/ familiefokus. Nattverd
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming